



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen
6863 Leikanger

Attn:Dina Lefdal

9. september 2019.

VEDR:NY VEG SKIPAVIKA – GULEN KOMMUNE.

Syner til avtale mellom Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Gulen Kommune og Skipavika Næringspark AS om bygging av ny veg Sverdhola – Skipavika i Gulen Kommune. Syner også til samtalar med Statens Vegvesen ved Leif Henning Øyre om mogeleg tilleggsløyving.

Vegen er no ferdig bygd av Volda Maskin som totalentreprise, og vegen held høg standard.

Veganlegget vart utlyst med open totalentreprise konkurranse. Samtlege tilbydarar dokumenterte etterspurde kvalifikasjonar, og Volda Maskin vart valt med bakgrunn i lågaste prisen. Det var fire firma som hadde tilnærma lik pris blant dei lågaste anboda.

Vegen skulle opphaveleg byggast med køyrebredde på 4,0 meter, med breiddeutviding på kvar side med 0,5 meter, og byggast i samsvar med Statens Vegvesen sine handbøker.

I forbindelse med vegbygging vart det også bestemt å legge ned høgspentkabel og fiber frå BKK, og også ein kommunal vassledning. Dette grøftearbeidet førte til at oppbygging av vegtrase fekk større breidde, og etter forespurdnad fekk Skipavika Næringspark tilbod frå Volda Maskin om å auke asfaltert breidde frå 4 til 6,25 meter til ein kostnad av Kr. 1,1 million. Skipavika Næringspark valte å ta den kostnaden. I følgje Volda Maskin har dei ved prissetting av utvida breidde på vegen utegløymd følgje kostander som større omgang av rekkverk, lengre stikkrenner samt oppbygging av naudsnyt sideareal som vart påpeika i ein forenkla TS revisjon som SSV utførte i samband med overtaking av vegen.

På vegne av Volda Maskin stiller me eit spørsmål til Veg eigar om det er vilje til å dekke denne ekstra kostnaden eller deler av kostnaden som Volda Maskin ut frå deira tilbakemelding ikkje har teke høgde for.

Beløpa me har fått oppgitt er:



- 2 -

- | | |
|------------------------|-----------------|
| • Ekstra kost autovern | NOK 1.294.462,- |
| • Grøfteprofilar | NOK 560.000,- |
| • Ekstra pukk | NOK 665.000,- |

Vegen har vore bygd som eit spleislag mellom Sogn og Fjordan Fylke, Gulen Kommune og Skipavika Næringspark, med ein tredje part kostnad på kvar. Vegen er blitt svært flott, og me håper at de som veg eigar vil sjå positivt på tilleggsløyving som entreprenøren ber om. Prosjektregnskapet for vegen er no ellers over den bevilga ramma på 18 millioner, og i tillegg har Skipavika Næringspark teke kostnaden på ekstra asfalt.

Med venleg helsing

Skipavika Næringspark AS

Lars Hellandsjø

Kopi: Statens Vegvesen, Askedalen, 6863 Leikanger ved Leif Henning Øyre